

God friidretts-innsats

15.02.2015




Jonathan Taranger svingar seg over imponerande 1,15m i høgde u.t.

Det er ei travel tid for aktive, unge uskedelingar. I går var det fotball-cup og skiskule, og i dag var det friidrett som stod på programmet. Tor Edward Taranger kan rapportera om at 6 unge uskedelingar

gjorde ein flott innsats i Kvinnheradsmeisterskapet i hopp utan tillau. Alle uskedelingane kunne komma heim med edle medaljar.

Tor Edward kan mæla om at 4 gutter og 2 jenter frå vår bygd deltok i meisterskapet som vart avvikla i gymsalen i Bringedalsbygda skule. Herøysund idrettslag var arrangør, og i tillegg til arrangørlaget, hadde Uskedal og Trio deltakarar i stemnet.

Alle gjorde ein flott innsats, men det er ekstra grunn til å merka seg Jonathan Taranger sitt resultat i høgde utan tillau. Han svinga seg over 1,15m, og det er eit svært godt resultat av ein 12-åring. Forutan Jonathan deltok desse fem: Kristian K. Hansen, Viljar S. Tveit, Oliver Enes, Saima L. Døssland og Emma M. Ripel. Samtlege gjorde altså så flott innsats at dei kom heim med medalje.



Klar til innsats i lengde u.t.

Emma M. Ripel hoppa 1,65 i lengde og 0.60 i høgde. I lengde hoppa Taranger 2,12 medan Kristian Klette Hansen strakk seg til 1,74 i lengde og hoppa over 0,90 i høgde. Viljar S. Tveit hadde resultata 1,80 og 1,05 i lengde og høgde medan Saima Døssland hadde 1,63 og 0,93, Oliver Enes hoppa 1,61 i lengde.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tor Edward Taranger.